

Rebusløypa erstattar barneleikane på 17. mai.

11.05.2020



Edel Karin Lægland i 17. mai komiteen syner fram Revolverkanona på Sanden, starten på Rebusløypa på Nasjonaldagen.

Frå kl. 09.00 til kl. 19.00 på 17. mai kan du vera med på rebusløype med start ved Revolverkanona på Sanden og mål på Stemneplassen. Løypa går i sentrum, over Dønhaug, over brua ved Dønhaughølen, ned til Kapteinsgarden på Fet, over Skulebrua med endemål på Stemneplassen. Her legg du svararket i ein boks og det er sjølvforsyning av is til alle borna.

Edel Karin Lægland er sentral i arbeidet med ei alternativ 17. mai feiring. Medlemer frå Styringsgruppa og 17. komiteen har ein gong i veka hatt møte på Teams. Målet har vore å skapa eit program som sameinar nokre tradisjonar med ei fornying og tilpassing i koronatider.

Rebusløypa har 11 postar. På kvar post er det informasjon om historiske hendingar og bygg i Uskedalen. På kvar post er det forma eit spørsmål som ein quiz. Svaret vert skrive på eit svarark. Kartet og svararket er vedlegg i 17. mai programmet. Sidan sal av programmet er den einaste inntektskjelda, ynskjer komiteen at flest mogeleg kjøper programmet. Om ikkje skal det vera ei løysing at kartet og svararket vert lagt på nett og at kvar familie skriv ut sjølve før start.



Med 11 postar er endestasjonen Stemneplassen, med sjølvforsyning i døra av is til borna.

Start og spørsmål 1 er ved Revolverkanona. Seinare er det info og spørsmål mellom anna ved Bautasteinen, Helgheim, Brekketoppen, Gardsbarnehagen og Kapteinsgarden. Alle postane er godt synlege på vegg og ingen treng ta på postane. Rebusløypa går heile dagen, dette fordi ein ikkje ynskjer samanstimling av folk.

Dei som har levert og lagt svararket i boksen på Stemneplassen innan kl. 19.00, er med i trekkinga av fenalår. Vinnarane vert kunngjorde på Uskedalen.no. Alle vert kontakta personleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Her er skissen over rebusløypa med start pø Sanden og mål opå Stemneplassen.